

Resolusjon frå årsmøtet Utdanningsforbundet Austrheim.

Nybygg til Austrheim vidaregåande hestar

Årsmøtet i Utdanningsforbundet i Austrheim er godt nøgde med vedtaket om å oppretthalde skulen, og behovet for nybygg vart stadfesta av fylkestinget 4. oktober 2016.

No krev me fortgang i planane og iverksetting av dei lovande vedtaka.

Bygningane ved skulen er bygde for butikk og fabrikk, ikkje for undervisning. Skulen manglar helseverngodkjenning, mellom anna på grunn av dårleg inneklima. Den dårlege lufta, saman med støy, dårleg lydisolasjon og mangel på rom for samtale med elevar gjer at arbeidsdagen vert langt frå optimal, og rammevilkåra for eit godt lærings- og arbeidsmiljø er svekka.

Om knappe tre år går leigekontrakten fylkeskommunen har med eigaren av det sentrale verkstadbygget ved skulen ut. Derfor hestar det med å få eit nytt skulebygg på plass. Me er ikkje tente med fortsatt lapping på ein dårleg bygningsmasse, det løyser ingen problem og fører til ytterlegare belastningar på personalet og elevane. Dei tilsette har venta svært lenge på ei løysing. Me strekkjer oss langt for å gjere ein god jobb, men over tid tærer uvisse om framtida og ueigna lokale på oss.

Skulen skal vere ein styrke for elevane, lokalsamfunna i området og lokalt og regionalt næringsliv. Me treng nye og gode verkstader for yrkesfaga våre og gode lokale for undervisning og samtalar. For å vere ein allsidig skule for framtida, må me ha både studiespesialiserande og yrkesfaglege utdanningar.

Me har vore her lenge og vil fortsatt vere her for framtidens elevar. Bygg ein ny vidaregåande skule for Fensfjorden no!

På vegne av årsmøtet i Utdanningsforbundet Austrheim,

Hilde Nora Hansen

Geir Follesø

Klubbleiar Austrheim vgs.

Leiar Utdanningsforbundet Austrheim